# ANSVAR (etter ljosbilete 4 og 5)

**Dette er ei ordning som berre så vidt er komen i gang. Då er det særs viktig at de gjer det de kan for at dette skal verta ei ordning som får eit godt ry. De må ha to ting i hovudet samstundes på dette: Både at jobben vert gjort nøye fagteknisk, og at ikkje dette vert folk sitt syn på ordninga: Feltkontrolløren er "grei og forstår at regelverket lyt jenkast litt no og då".**

**Med noverande opplegg for sporing, vil feltkontrolløren ved likesæle fort kunna sitja att med Svarteper:**

- **Det er ditt namn som står på kontrollappen**
- **Du har gått kurs, og skal kunna avdekka unormale kasus og hindra at dei kjem i omsetjing.**
- **Du lærer og om korrekt handtering etter slakting, korrekt transport m.v.**

**Med denne siste kunnskapen vil det vera lurt å sjå for seg kva som kan gå gale etter at du har sett på lappen, og læra opp dei som skal handtera slaktet fram til og med omsetjing. Namnet på kontrollappen er det folk ser, og det vert og lett den namngjevne som får skulda dersom noko ikkje er som det skal.**

# 6

**Berre eit uhell..**

# 7, 8 og 9 Nytt hygieneregelverk - ei forenkla oversikt

**Food Law: Mange aktuelle definisjonar**

**Kontrollforordninga: Ein god del om korleis Mattilsynet skal sikra at Noreg etterlever det felles regelverket.**

**Det som hovudsakeleg vedkjem oss:**

**Hygienepakka:**

**852/2004: Næringsmiddelhygieneforordninga**
**(Finst i Hygieneforskrifta, der og EU 2073/2005 finst)**

**853/2004: Animaliehygieneforordninga**
**(Finst i Animaliehygieneforskrifta, der og EF 1688/2005, 2074/2005 og 1162/2009 finst)**

**854/2004: Animaliekontrollforordninga**
**(Finst i Animaliekontrollforskrifta, der og EU 2075/2005 finst)**

**Formelt er det lagt ned i 853 kva feltkontrolløren skal ha av kompetanse, og korleis kompetansen skal nyttast.**

**Det er høve til å ha nasjonale reglar når omfanget av ei verksemd er avgrensa (i mengd, og etter kor stort område verksemda omset til).**

**I Noreg har me valt å pakka forordningane inn i kvar si forskrift. Den norske forskrifta kring 853: Animaliehygiene-forskrifta inneheld difor alt som har med feltkontroll av hjortedyr å gjera, både i nasjonal samanheng og i EU-samanheng.**

## 10 Kompetansekrav ifylgje H2

**Skal kunna nok om det unormale og om rett handtering.**

## 11 Kva skal opplæringa femna?

**Dette står i *853/2004, vedlegg III, Avsnitt IV, Kapittel I, punkt 4*.**

**I tillegg står det i punkt 5: Vedkommende myndighet (Mattilsynet) bør oppmuntre jegerorganisasjoner til å tilby en slik utdanning. -Som de ser, har oppmuntringa gjeve resultat.**

## 12 Virkeområde for feltkontrolløren:

**Etter bransjestandarden, "approbert" av Mattilsynet. Dette er ikkje direkte sagt i forordning eller forskrift, men er ei presisering tufta på regelverket.**

## 13 853/2004, vedlegg III, Avsnitt IV, kap. II, 4 a.

**Les ljosbiletet.**

## 14 Handtering av vilt:

**Denne framgangsmåten er etter EU-forordninga**

**Men…**

## 15 H2 gjeld ikkje for...

Kapittel I
Alminnelige bestemmelser

Artikkel 1
Virkeområde

(Resyme:

1. Særlige hygieneregler for kjøtt.

2. ...

3. Gjelder ikke:

- a) (Primærprod.)
- b) (Privat husholdning)
- c) (Lokalt fra produsent direkte til sluttforbruker eller detaljist direkte til sluttforbruker - små mengder)
- d) (kjøtt av fjørfe og haredyr, ellers som over))
- **e) jegere som leverer små mengder viltlevende vilt eller kjøtt fra viltlevende vilt direkte til sluttforbrukeren eller til lokale detaljister som leverer direkte til sluttforbrukeren.**

## 16 Når $H_2$ ikkje gjeld

**All jakt i Noreg er definisjonsmessig i så liten skala (små mengder pr jaktlag pr sesong) at det er aksept for berre feltkontroll før lokalt sal til detaljist eller sluttbrukar.**

## 17 Hjortevilt undersøkt av feltkontrollør

**Treng ikkje kommentar.**

## 18 § 13. Omsetjingsavgrensingar

**Grovoppdelt: Inntil 8 deler (meir enn to deler berre om ein absolutt må på grunn av fellingsterreng osb).**
**Alt anna enn hjortevilt lyt vidare til veterinærkontroll. –Ikkje av di det står i forskrifta, men av di det er hjortevilt de får opplæring om (sjå og bilete 19).**

## 19 Ulike kontrollnivå (rangert)

**Vilthandsamingsanlegg har ein hygienisk standard og eit tilsynsnivå som tilfredsstiller EU-forordning 853/2004.**
**Feltkontrollert vilt har med akseptabel ante mortemkontroll (det har ikkje vilt frå Viltkontrollstad). Utan ante mortemkontrollen lyt me halda oss heime i Noreg med kjøtet.**

## 20 853/2004, vedlegg III, Avsnitt IV, kap. II, 4b.

**Einhova dyr: Eg trur det løner seg best å kontakta eigar før Mattilsynet dersom du har skote eit einhova dyr (hest t.d.) ...**

## 21 § 14 Undersøking av vilt

**Omsetningskrav for Noreg.**

## 22 Unntak

**Kva jeger som helst kan selja ukontrollert kjøt med dei avgrensingane som § 15 set (tilfeldig sal direkte til sluttbrukar).**

## 23 Definisjon av detaljist

**Definisjonen finst i Food Law forordning (EF) nr 178/2002.**

## 24 Detaljistar og vilt

**Kan selja kjøt kontrollert av feltkontrollør, og sjølv om det står at feltkontrollert vilt berre kan seljast ti lokal detaljist, kan detaljisten selja over heile landet.**